



Hedwig Kjeilen  
Keilevegen 156  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2996 - 21/29752

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
03.05.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 125/86 Kjeilen**

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 125/38,86 Kjeilen  
Tiltakshavar: Hedwig Kjeilen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.03.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig/ uklar. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Areal som vert søkt overført er uregulert og i hovudsak sett av til LNFR (landbruk, natur, friluft samt reinsdrift) i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Ein liten del av omsøkt areal er sett til bustadformål.

Det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet. Søknad om dispensasjon skal vera grunngjeven og nabovarlast. Informasjon om søknad om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)

2. I søknaden er det kryssa av for at arealet skal delast frå bnr.86 og overførast til bnr.35. Er dette rett? Eller er det meint å overføre frå bnr.35 til bnr.86? Dette er uklart og må klargjerast.
3. Eigedomen gbnr 125/86 vart oppretta som tilleggsareal til bnr. 35. Det er eit vilkår i delingsløyvet, sak 08/1785 den 02.08.2008, om at den frådeltte parsellen skal slåast saman med bnr. 35. Me ber om ei forklaring på kvifor dette vilkåret ikkje er oppfylt.
4. I vedlegg til søknaden skriv du at du bekreftar at bruken vert uendra og eventuelt solgt som fritidseigedom. Her må det forklarast nærare kva for eigedom som eventuelt vert solgt som fritidseigedom.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 02.06.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Hedwig Kjeilen

Keilevegen 156

5953 FONNES